

Rekneskapsrapport pr mars 2025

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
24/8583

JournalpostID:
25/109279

Saksnr: 39/2025	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 30.04.2025
---------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr mars 2025 til orientering.

Bjørnafjorden, den 04.04.2025

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Det pågår eit stort arbeid i organisasjonen for å vri tenesteproduksjonen slik at fleire vil få tilbod på eit lågare trinn i «innsatstrappa». Det vil kome ein fyldig presentasjon av arbeidet i komande kommunestyremøte, og det vil bli fremja politisk sak til juni møtet i kommunestyret. Driftsnivået i kommunen ligg framleis på eit for høgt nivå i forhold til kommunen sine inntekter, og vi er nøydde til å finne ein rimelegare måte å yte tenestene på framover. Som nemnt i rapporten pr februar er det ein risiko for at tilskotet vedr ressurskrevjande tenester vil bli lågare enn budsjettet i 2025, og kommunedirektøren vil kome tilbake til dette i 1. tertialrapport 2025 med tanke på mogleg inndecking. I mars rapporten blir det og meldt om avvik på skuleområdet. Kommunedirektøren har førebels ikkje noko framlegg til korleis vi skal løyse dette.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gir styringsinformasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksutgreiing:

Om rapporten:

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent for løns-intensive einingar er ca. 27%. Kolonnen Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventta meir-/eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

FRIE INNTEKTER

Årsprognose: Frie inntekter ser så langt ut til å gå i balanse.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Skatteinntektene har ein positiv utvikling så langt i 2025. Skatteinntektene for Bjørnafjorden kommune viser ein vekst på 10,3% i forhold til same periode i fjor. For kommunesektoren samla er veksten 6,9%. Veksten skuldast både auke i innbetalt forskotstrekk, men og omlegginga av inntektssystemet der skattegrunnlaget til kommunane blei endra (utbytteskatten er tatt ut av skattegrunnlaget og formuesskatten redusert). Staten har kompensert dette ved å gi kommunane høgare skatteøre. Dette har gitt dei fleste kommunane høgare fordelingsstal. Denne delen av veksten var venta og ligg dermed inne i budsjettet for skatteinntekter, og fører i utgangspunktet ikkje til inntekter ut over det budsjettete.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Andre generelle driftsinntekter består av inntekter frå havbruksfondet, integreringstilskot for flyktningar og rentekompensasjon frå Husbanken. Inntektene kjem først seinare på året, men det er ikkje venta negative avvik for desse budsjettpostane.

FINANS

Årsprognose: Finansområdet er usikker i 2025.

Sentralbanken valde å halde styringsrenta uendra på 4,5% men signaliserer igjen at dei truleg vil sette ned renta i løpet av året. Rentenivået ligg framleis på eit høgare nivå enn det som blei lagt til grunn i budsjettet, men har falt noko i 2025. Slik det ser ut no vil renteutgiftene bli høgare enn budsjettert, men også renteinntektene kan bli høgare enn budsjettert. Grunna auka tollsatsar og frykt for handelskrig som kan føre til stagnasjon i verdsøkonomien er det høgst usikkert korleis rentemarknadene, og ikkje minst aksjemarknadene, vil utvikle seg framover. Finansporteføljen vår kan få hard medfart i tida som kjem, noko som vi ser starten på i mars. Avkastninga på finansporteføljen i mars er negativ med 5,3 mill. kr. Avkastninga dei to første månadene var positive, men pr mars er avkastninga negativ med 1,7 mill. kr.

FELLESOMRÅDE

Årsprognose: Fellesutgifter vil truleg gå i balanse i 2025.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Folkevalde organ ser så langt ut til å gå i balanse.

Fellesutgifter ser og grei ut. Den største budsjettposten gjeld dekking av utgifter til årets lønsoppgjer. Forhandlingane i KS området startar etter påske. Det er semje i lønsoppgjeret mellom LO, NHO og YS med ein lønsramme på 4,4%. Kommunen har sett av 41 mill. kr til å dekke utgiftene av lønsoppgjeret i 2025, og dette vil truleg vere tilstrekkeleg.

Det er stor uvisse knytt til pensjonsutgiftene for 2025 og framover som følgje av innføring av ny AFP ordning (Avtalefesta pensjon) for tilsette som er født i 1963 eller seinare. Regjeringa opplyste i statsbudsjettet at dei vil kome med kompensasjon til kommunane for meirutgiftene i revidert nasjonalbudsjett for 2025. Pr no legg vi til grunn at meirutgiftene blir kompensert.

Det er budsjettert med bruk av nærare 65,8 mill. kr i bruk av premiefond i år. 2024 var eit godt år for pensjonsleverandørane ettersom det var god avkastning i finansmarknadene. Dette gjer at kommunen truleg vil få tilført meir inn på premiefondet i 2025 enn det vi har tenkt å bruke i år.

Premieavviket i 2024 blei positivt med ca. 35 mill. kr. Beløpet må utgiftsførast i 2025. Kommunen har ikkje eige fond avsett til å dekke desse utgiftene ettersom avsetninga måtte strykast i samband med rekneskapsavslutninga for 2024. Kommunedirektøren foreslår som følgje av dette at eit ev positivt premieavvik i 2025 først må dekke premieavviket for 2024 før det blir gjort ev avsetning til fond.

STAB

Årsprognose: Stab ser ut til å gå i balanse i 2025.

Stab består av Sentral leiing, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Det er behov for ei større utskifting av pc 'ar ute i tenestene då mange av dei er så gamle at dei ikkje støttar overgang til Windows 11. Det blir arbeidd med å få full oversikt over dette. Nokre stillingar er for tida ledige i påvente av nytilsettingar og kan gje noko innsparing på løn. Samla sett reknar vi med at Stab vil gå i balanse i 2025.

OPPVEKST

Årsprognose: Oppvekst kan få eit meirforbruk på ca. 10 mill. kr i 2025.

Oppvekst rapporterer meirforbruk på 10 millionar på skulefeltet per mars 2025. Det er tidleg på året og det er fleire usikre moment.

Oppvekst – fagstab og felles satsingar

Det blir meldt balanse.

Skular

Budsjettrammene på skulane er særst stramme. Forbruksprosent ligg over måltal og dette gjeld for mange skular. Etter at løna er kjørt og refusjonar er tatt med ser vi at lønsbudsjetta ligg for høgt i forhold til den økonomiske ramma. Vi drar med oss driftsnivået frå hausten inn i våren 2025 og etter mars ser vi at driftsnivået samla ligg for høgt i høve tildelt ramme. Dette inkludert vikar/sjukefråvær, elevar med store hjelpebehov, konkrete oppfølgingstiltak i enkelte skular knytt til elevutfordringar. Vi varslar mogeleg meirforbruk på 10 millionar basert på driftsnivået slik det ser ut no for inneverande skuleår. Det er sett i verk oppfølgingstiltak for å søke å redusere meirforbruk og snu trenden - sjå avsnittet under (Oppsummering tiltak).

Familiens hus

Vi melder om balanse i Familiens hus. Nedanfor er situasjonen i einingane gjort kort greie for:

Barnevernstenester

Barnevernet melder om balanse. Lønsbudsjettet ligg på rett nivå. Driftsbudsjettet er noko høgt pga. nytt fagsystem og at lisensar og husleige er betalt fram i tid. Institusjonsplasseringar, forsterka fosterheim og bruk av MST er blant kostnadsdrivarane i Barnevernstenesta. Vi har per no ikkje betalt Bufdir for 1 kvartal. Det pågåande utviklingsarbeidet med å søke å redusere institusjons plisseringar held fram.

Barn, unge og familiar (BUF)

Eininga ligg på rett nivå på løn. Driftsbudsjettet ligg noko høgt per no på grunn av lisensar mm.

Førebyggjande helsetenester

Lønsforbruket ligg innafor budsjett. Drifta ligg per i dag noko høgt, men samla sett ser rekneskapen ut til å følgje tildelt budsjett. Eininga har fått innvilga søknad frå Helsedirektoratet for styrking og utvikling av helsestasjon- og skulehelsetenesta også for 2025, tilskotet er på kr. 2 555 000 (frå 2 420 000 i 2024). Har motteke halve tilskotet frå Helsedirektoratet per mars.

Barnehagar

Vi melder om balanse på barnehageområdet samla sett. Dei kommunale barnehagane driftar innafor tildelt budsjett, men det er særst stramt.

Det er førebels usikkerheit knytt til kor mykje barnetalet i barnehagane blir endra per august. Hovudopptaket er avslutta og vi kjem tilbake til effekten dette har på økonomien i første tertial.

Fagsenteret driftar innafor tildelt lønsbudsjett, men vi betaler ut meir for vedtak § 31 og § 37 som barnehagane må utøve sjølv. Oppdatert prognose til 1. tertial etter ny gjennomgang med det vi veit om situasjonen for komande barnehageår.

Tiltak – Oppvekst

Tiltak i Omstilling 25 vil bli ferdigstilt i løpet av året. Nokre tiltak er tatt ut i samband med budsjett 2025. Dei fleste andre tiltak blir rapportert på "grønt", dvs gjennomført.

Innsatstrappa er eit sentralt utviklingsarbeid for å sjå tenestene i samanheng og sikre at vi løyser oppgåvene så "langt nede i trappa som mogeleg". Alle tenestene i oppvekst er involvert i dette arbeidet. Vi har tru på at dette vil bidra til endra ressursbruk, men dette utviklingsarbeidet krev tid og kapasitet å gjennomføre.

Utover dette blir det arbeida med følgjande tiltak - gjeld heile oppvekstområdet:

- Tett dialog med einingsleiarane for å sikre kontroll på drifta. Det er stort fokus på å halde budsjett og kostnader nede i heile organisasjonen. Det har vore redusert kapasitet på Økonomiavdelinga noko som har påverka overordna økonomistyring og rettleiing.
- Gjennomføring av stillingskontroll og behovsanalyse før tilsetjingsprosessar
- Sjukefråværsoppfølging i einingane
- Eininga søker om fritak frå arbeidsgjevarperioden for kronisk sjuke.
- Det blir arbeida med å hente inn uteståande refusjonar for sjukemeldte
- Innkjøp: berre nødvendig utstyr
- Gjennomføre omstillingsprosessar
- Arbeid i arbeidsmiljøgruppene (AMG)

På skuleområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Konkret gjennomgang med kvar skule som ligg på for høg forbruksprosent i høve budsjett.
- Det er fleire komplekse og samansette vanskar hos elevane og det har gjennom 2024 vore ei betydeleg auke i behov for ressursar. Skuleeigar har saman med skuleleiingane og aktuelle fagtenester ei grundig gjennomgang av behova og det blir arbeida både på system og individnivå for å finne gode løysingar som og sikrar berekraftig økonomi.
- Gjennomgang i personalgruppa om organisatoriske endringar for å hindre overforbruk

I Familiens hus blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Utvikling av ulike gruppetilbod i Familiens hus med tanke på å nå fleire utan at det blir for ressurskrevjande for organisasjonen.
- Barneverntenesta: Det blir jobba aktivt for å redusere tal passeringar i institusjon.

HELSE OG VELFERD

Årsprognose: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på ca. 14,5 mill. kr i 2025.

Dette gjeld krav til staten verd ressurskrevjande tenester som kan bli lågare enn budsjettert for 2025, samt eit forventet meirforbruk ved legevaktstasjonen i Eikelandssøsen da ein ikkje oppnår full effekt av planlagde omstillingstiltak.

Forbruksprosenten ligg høgt i fleire av einingane, men ein har god tru på at ein gjennom året skal klare å redusere dette. Samtlege einingar jobbar godt med oppfølging av tiltak i samband med O 25 i tillegg til andre tiltak med mål om å auke nærvær og redusere bruk av overtid.

Da det ennå er tidleg på året så ser vi at prognosen er usikker.

Høgt sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar førar til behov for innleie i nokre av einingane. Behovet for innleie av personell er desidert størst på austsida av kommunen. Ein ser og at prisane på medisinsk forbruksmateriell, vaksinar og medisinar er aukande.

Nav melder om auka press på tenestene og ser at kostnadane til kvalifiseringsordninga er aukande.

Sektoren har hatt god måloppnåing i Omstilling 25. Nokre av tiltaka vil få heilårsverknad i 2025. Nedtrekk i budsjett 2025 følgjast opp av legetenestene som er godt i gang med å identifisere tiltak for å nå mål om reduksjon på 1 mil kr i 2025 - 2 mil kr i 2026. Nedtrekket på 5 mil kr som er lagt til sektoren vil realiserast gjennom arbeidet med heilskapleg innsatstrapp.

Tenestene ut til brukarane skal vera fagleg forsvarlege. Løn er den største kostnaden, og det er vanskeleg å halda lønsbudsjettet når høgt sjukefråvær og vanskar med å få tak i nok og kvalifisert personell fører til auke i variabel løn, overtid og innleige av vikarar frå vikarbyrå. Ein aukande brukarmasse og auka brukarbehov driv også lønskostnadene opp.

Samtlege einingar har tiltak knytt til nærværarbeid, samt fokus på å redusere bruk av overtid.

Sektoren har gjennom to rundar i 2024 gjennomført anbod vedrørande dagsentertransport til eldre. På bakgrunn av høge kostnader blei begge konkurransane avlyst da pris låg langt over dei budsjettete ramane. Sektoren er no i gang med å organisere transportordninga i kommunal regi og har som mål å komme i gang med ordninga i løpet av våren. Tenesta er i dag basert på transport frå Tide og har ei høgare kostnad noko som kan få konsekvens for endeleg prognose.

Fagstab og felles satsingar

Avviket gjeld krav til staten verd ressurskrevjande tenester som kan bli lågare enn budsjettert for 2025 basert på rekneskapstal for 2024.

Forvaltning, koordinering og bustadkontor

Melder balanse for mars mnd.

Det er noko usikkerheit knytt til kostnader på transport. Dette gjelder i all hovudsak utgifter til dagsenter transport. Som nemnt over så er sektoren i gang med å rigge denne tenestene i kommunal regi med mål om å få kostnadene til å samsvare med budsjett for denne tenesta. Det er ei usikkerheit kring kostnader i samband med avlasting og omsorgsstønad som er lov-pålagte tenester.

Legevakt og legetenester

Melder eit forventet meirforbruk på 1,5 mil for mars mnd.

Overforbruket skyldast ustabilitet ved legevaktstasjonen i Eikelandsosen. To nordsjølegar slutta vår/sommar/haust 2024. Vi har i stor grad drifta stasjonen med vikarar fram til mars 2025. Pga. av dette har det blitt auka utgifter til:

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

- vikarlegar
- legebilsjåførar (fordi vikarlegane ikkje er kjent i distriktet). Har ikkje kunna avslutte tilsetjingsforholdet med desse.
- har ikkje kunna opprette fastlegeheimelen fordi vi ikkje har hatt faste legar inne.

Frå mars 2025 er Eikelandssosen legevaktstasjon igjen fullt bemanna med faste legar i nordsjøturnus. Etter kvart som legane blir kjent i distriktet vil vi avvikle ordninga med legebil sjåfør.

Før alle legane i nordsjøturnus er på plass har vi ikkje kunne starte opp med den nye fastlegeheimelen knytt til vaktlegane i Eikelandssosen. Dette gjer at inntektene blir mindre enn budsjettert.

Eininga jobbar med å dekke inn innsparingskravet på 1 mill. i 2025. Tiltak er lokalisert, og no jobbar vi med å utgreie mogelegheitene for å realisera tiltaka.

NAV

Melder balanse for mars mnd.

Nav har framleis oppfølging av 19 flyktningar med ventestønad. Vi ser også at det er høge kostnader til krisehjelp og ser på tiltak for å redusere dette.

Utviklingstrekk i statlege tenester som Nav-kontoret forvaltar, kan påverke dei sosiale tenestene i Nav. Kommunane skal, saman med den statlege linja, tilrettelegge for heilskaplege tenester i Nav-kontoret. Arbeidsinkludering handlar om å sikre at alle, uansett bakgrunn eller utfordringar, får moglegheit til å delta i arbeidslivet. Statlege og kommunale verkemidlar ved Nav-kontoret må sjåast i samanheng. Kvalifiseringsprogrammet er ein viktig del av Nav sitt samla verkemiddelapparat, og har gode resultat for personar som står langt frå arbeidslivet.

Vi erfarer ei auke i tal deltakarar i kvalifiseringsprogram og basert på dette er prognosen usikker.

Tilrettelagte tenester

Melder balanse pr mars mnd.

Deler av eininga har store rekrutteringsutfordringar og er avhengig av innleie frå bemanningsbyrå for å sikre drifta noko som kan utfordre endeleg resultat. Det jobbast kontinuerleg med rekruttering med mål om å få ned bruk av innleige.

Psykisk helse og rustenester

Melder balanse pr mars mnd.

Samtidig viser tala at vi per dags dato ligg noko over anbefalt nivå kva gjelder bruk av variabel løn på nokre avdelingar. Auken kan forklarast med fleire vedtak i talet tenestemottakarar i dei ambulante tenestene.

Dei to første månadene av året har også vore prega av høgt korttidsfråvær på grunn av virusinfeksjonar, noko som har påverka fleire avdelingar.

Luranetunet omsorgssenter

Melder balanse for mars mnd.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Eininga har store kostnader knytt til: bruk av overtid, bruk av ekstrahjelp knytt til auke i brukarbehov, bruk av vikarbyrå og auke i utgifter knytt til medisinsk forbruksmateriell. Vi ser ei auke i pasientar og bebuarar med stort behov for helsehjelp, og med komplekse sjukdomsbiletet. Dette stiller store krav til oss med tanke på fag-dekning, og det er ei auke i utgifter til innkjøp av medisinsk forbruksmateriell til denne pasientgruppa. Grunna vakante stillingar for sjukepleiar på natt har vi eit behov for å leie inn sjukepleiar frå vikarbyrå for å halde ei fagleg forsvarleg drift på natt.

Heimetenester Os

Melder balanse for mars mnd.

Eininga ligger høgt på bruk av variabel løn noko som skyldast høgt sjukefråvær og auka brukarbehov. Oppdraga vert meir og meir omfattande og spesialiserte, noko som inneber at eininga til tider må ta inn ekstra bemanning for å sikra fagleg forsvarlege tenester.

Fusa Bu- og behandlingstenester (FBBS) og heimetenester

Melder balanse for mars mnd.

Eininga har svært høgt sjukefråvær og store rekrutteringsutfordringar som førar til at ein må leige inn personell frå bemanningsbyrå for å sikre drifta. Ein ser og at auka brukarbehov førar til at oppbemanning er naudsynt i periodar.

Tiltak – Helse og velferd

Sektor Helse og velferd er inne i nok eit år med nedskjeringar og omfattande omstillingsarbeid. Alle turnustenestene har redusert bemanningsfaktoren og det vert arbeidd godt med omstillingsarbeidet. Omstillingskapasiteten i organisasjonen ber imidlertid også noko preg av at sektoren er svært pressa kapasitetsmessig, og at vilkåra for omstillingsarbeid ikkje er ideelle.

Gjennom utviklingsarbeidet kring utvikling av heilskapleg innsats og bustadtrapp er vi godt i gang med analysearbeid og organiseringa av ulike delprosjekt. Prosjekta omfattar mellom anna dimensjonering av dei to sjukeheimane og dimensjonering av heimetenesta. Målet for desse prosjekta er å sikre riktig dimensjonering for framtida med strammar økonomiske ramar og mindre tilgang på helsepersonell.

Sektoren vil gjennom tertialrapportane rapportere på resultat på forsvarlegheits-indikatorane. Indikatorane dekkjer områda brukarar/pasientar, tilsette, økonomi, leiing, pårørande/eksternt omdøme og internkontroll. Indikatorane er eit verktøy for å følgja med på at vi held oss innafor lovkrav og for å setja i verk tiltak dersom vi får raud eller gul skår på noko område.

Alle einingane jobbar med nærværarbeid og tiltak for å følge opp. Vi ser ei gledeleg nedgang kva gjelder sjukefråvær på sektoren. Pr mars hadde sektoren eit samla sjukefråvær på 11,47% som er ei nedgang på 0,47% frå feb. mnd. Sektoren hadde eit samla sjukefråvær på same tidspunkt i 2024 på 13,64%.

Tiltak som er iverksett er systematisk oppfølging, tilrettelegging, bistand frå Nav arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta.

Auka bruk av helseteknologi er ei viktig satsing, med mål om at teknologi skal vera førsteval der det er naturleg. Dette vil vi i større grad sikra at vi bruker rett kompetanse på rett plass. Satsinga er viktig for å ta ned behovet for helsepersonell, som det vil vera mindre tilgang på i framtida. Vi ser at det ved innføring av teknologi er tidkrevjande å sikra personvernet.

Fleire av einingane har fått på plass ressursbemanning etter nedlegging av bemanningssentralen. Dette er eit tiltak for å dekkja opp for fråvær og sikra god kontinuitet i tenestene. Som hovudregel lyser vi ut ledige stillingar som faste 100 %-stillingar, der heile eller delar av stillinga inngår som ressursbemanning. Føremålet er å betra rekrutteringa.

Sektoren har vekentlege møte i stillingskontroll for å kvalitetssikra og vurdera behov før stillingar vert lyst ut. Kommunalsjef og økonomikonsulentar har månadlege møte med einingsleiarane med tema omstilling og økonomi.

SAMFUNNSUTVIKLING

Årsprognose: Samfunnsutvikling ser ut til å gå i balanse i 2025.

Fagstab og fellesutgifter

Per mars er prognose eit overskot på 0,5 mill kr grunna mindre forbruk av engasjement og konsulenttenester.

Innbyggarservice

Per mars er prognosen eit overskot på 0,5 mill kr grunna økt refusjon frå staten knytta til sjukefravær.

Plan og byggesaksavdeling

Aktivitetsnivået på sjølvkostområda har tatt seg opp i forhold til tidlegare. Slik det ser ut per mars er at området vil gå i balanse.

Kultureininga

Ingen spesielle utfordringar ut over dei kjende som gjeld støttekontakt-tenesta. Noko høgt forbruk er grunna årlege overføringar til føretaka og faste avtalar som blir oppgjort tidleg på året.

Brann

Per mars er prognose at BBR vil gå i balanse. Ein jobbar framleis med budsjettvedtak knytta til nedtrekk på 1,0 mill i 2025 (halvårsverknad). Dette forutsett full virkning frå 1.7.

Eigedom drift

Per mars er prognose at eigedom drift vil gå med eit overskot på 1,0 mill.

Samferdsle

Per mars er prognose at samferdsle vil gå i balanse. Den største uforutsette posten er vintervedlikehald (snøbrøyting). Budsjettet blei auka frå 4 mill i 2024 til 10 mill i 2025. Per no så er prognose at ein vil helde seg innafor ramma, men det forutsetter at det ikkje kjem meir snø i vinter/vår 2025, og at resten dermed kan gå til sesongstart i november 2025.

Vatn, avlaup, kalkulatoriske postar

Pr. mars ser ein at rentenivået (5-år SWAP) er langt over det som vart lagt til grunn i budsjettet. Om marknaden sine prognoser slår til blir dei kalkulatoriske rentene 7,5 millionar høgare enn budsjettet. Det er ingen sjølvkost-fond til å absorbere denne kostnadsveksten,

slik at ein p.t. må rekne med eit underskot på 7,5 millionar. Dette underskotet vil derimot ha ein motpost på ansvar 499, slik at konsekvensen for sektoren vil være 0.

Tiltak – Samfunnsutvikling

Støttekontaktenesta har fokus på å få fleire grupper, men er avhengig av både vedtak som legg til rette for det og støttekontaktar som ønsker å jobba med grupper. Dette er noko ein jobbar med kontinuerlig for å få på plass gjennom arbeidet til dømes med innsatstrappa.